

# To selskap blir til eitt: – Ei spennande tid

Vekstra Fjord Rekneskap AS, med avdeling i Ulsteinvik, og Hornindal Rekneskap AS, begge i ØkoRåd Vekstra-kjeda, slår seg saman til eitt selskap. – Vi er ein del av Noregs største franchisekjede innan rekneskap, seier avdelingsleiar Torhild Hjørungdal.



Ulsteinvik-avdelinga: Avdelingsleiar Torhild Hjørungdal (t.v.) er statsautorisert rekneskapsfører - og saman med rekneskapsmedarbeidar Agne Skotte utgjer dei Ulsteinvik-avdelinga til ØkoRåd Fjord. **FOTO:** OLE-OTTAR HØGSTAVOLL.



**Ole-Ottar Thorup Høgstavoll**

**Oppdatert:** 16 timer siden

Ulsteinvik-avdelinga til ØkoRåd Vekstra, Vekstra Fjord Rekneskap AS, tel i dag tre tilsette, to faste og éi som studerer i Bodø og som jobbar i redusert stilling.

På grunn av at Vekstra-kjeda slo seg saman med ØkoRåd-kjeda frå 1. januar i år – og har fått det nye namnet Økoråd Vekstra, vil også avdelinga i Ulsteinvik få nytt namn. Økoråd Fjord.



Med samanslåinga av Vekstra og ØkoRåd fekk ein dessutan Noregs største franchisekjede innanfor rekneskap.

Dei to som sit på avdelingskontoret på Brendehaugen i Saunesmarka er statsautorisert rekneskapsfører og avdelingsleiar Torhild Hjørungdal og rekneskapsmedarbeidar Agne Skotte.

– Det er ingen tvil om at fordi vi no er ein del av ei desto større kjede, så har vi eit desto større fagmiljø å spele på – i tillegg til ein haug av andre fordelar, seier Torhild Hjørungdal.

### **Slår seg saman med Hornindal Rekneskap**

Men, samanslåingsnyheitene stoppar ikkje der. For – no er det også bestemt at Vekstra Fjord Rekneskap AS slår seg saman med Hornindal Rekneskap AS. Begge to er medlemmer av den nemnde ØkoRåd Vekstra-kjeda, og vil halde fram under namnet Økoråd Fjord.

Vekstra Fjord Rekneskap AS blei etablert med to tilsette tilbake i 2008, på Nordfjordeid. Selskapet gjekk inn i Vekstra-kjeda i 2012, og opna avdelingskontor på Sandane, i Ulsteinvik og i Valldal i høvesvis 2014, 2022 og 2023. I dag har selskapet 24 tilsette, og rundt 530 kundar – hovudsakleg i Nordfjord og på Sunnmøre.

Hornindal Rekneskap AS på si side har ei historie som går heilt tilbake til 1970. Også dette selskapet har vore medlem i Vekstra-kjeda i fleire år. Hornindal Rekneskap AS sine to avdelingskontor i Hornindal og Stryn blir også vidareført og styrka gjennom denne samanslåinga. Begge avdelingane har også flytta inn i nye og moderne lokale.



I d